

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
037/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.09.2022

Søknad til næringsfondet - La Vita e Bella - Søknad om støtte til fullføring av bakstehus

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Søknad om støtte til fullføring av bakstehus blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.09.2022:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

ND- 037/22 Vedtak:

Prosjektet Søknad om støtte til fullføring av bakstehus blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

La Vita e Bella er ein 90.031 Selvstendig kunstnerisk virksomhet innen visuell kunst. Registrert 29.11.2011.
Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Skulehuset Galleri Gamleskulen på Eikanger har vore nytta til kursverksemd og kunstutstillingar/galleributikk frå 2018. Det er no bygd ein stor produksjonssteinomn i tilbygget frå 1950-åra.

Om prosjektet

Søkjær har kome til sluttrinnet med muring av pipe og innreiing av baksterommet med utstyr som trengst.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet er å få eit bakstehus som kan produsera brød/ bollar/pizza for sal og skapa ein utfartsstad for folk i Nordhordland og Bergensområdet. Omnen blir ein attraksjon i seg sjølv.

Det er også eit mål å skapa breidde i tilbudet ut til kundane.

Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om støtte til fullføring av bakstehus	293 636	80 000	30 000

Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i fondsvedtektene for næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst til eksisterande verksemder og berekraftig utvikling.

Vedlegg i saken:

18.07.2022	Soknad-2022-0028	1777106
18.07.2022	Bakerprosjekt - økonomi 2022	1777107
18.07.2022	Bakerovn Gamleskolen	1777108